



Fylkesmannen i Vestland

Vår dato:

04.04.2019

Vår ref:

2018/1702

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Tokagjelet AS
c/o Clemens Kraft Fridtjof Nansens plass 6
0160 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ingrid Torsnes, 5557 2320

Løyve til mellombels utslepp i samband med bygging av Tokagjelet kraftverk i Kvam herad

Fylkesmannen gir Tokagjelet AS løyve til mellombels utslepp av reinsa vatn frå avrenning av massedeponi, anleggsområde og boring av tunnel i samband med bygging av Tokagjelet kraftverk. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16.

Vi viser til søknad av 19. desember 2018 om løyve etter forureiningslova til utslepp av anleggsvatn i samband med bygging av kraftverket.

Fylkesmannen gir løyve på visse vilkår. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Fylkesmannen har ved avgjerda vurdert forureininga frå tiltaket opp mot fordelane og ulempene som tiltaket vil føre til. Ved fastsetjing av vilkår har Fylkesmannen lagt til grunn kva som er mogleg å oppnå med bruk av beste tilgjengeleg teknikkar.

Utsleppsløyvet med tilhøyrande vilkår er vedlagt. Fylkesmannen har regulert dei forholda som er vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

Vi vil påpeike at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette grensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt det er mogeleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje klart er sett grenser for gjennom særskilte vilkår.

Verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Fylkesmannen med heimel i forureiningslova § 18 endre vilkåra i løyvet og setje nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein endringsøknad må difor sendast i god tid før ei eventuell endring kan gjennomførast.

At vi har gitt løyve til forureining, fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56.

E-postadresse:
fmvlpost@fylkesmannen.no
Sikker melding:
www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.fylkesmannen.no/vl
Org.nr. 974 760 665



I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova, med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda, viser vi til Miljødirektoratet sine heimesider, www.miljodirektoratet.no

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter er òg straffbart.

Søknaden

Tokagjelet AS søker om løyve etter forureiningslova til mellombels utslepp av reinsa vatn til Steinsdalselva.

Arbeidet omfattar:

- Bygging av dam og inntakskonstruksjon på Kvamskogen
- Boring av sjakt
- Mellomlagring av steinmassar
- Massedeponi sør for den kommunale vegen
- Bygging av kraftstasjon
- Bygging av utløpskulvert frå kraftstasjonen til Steinsdalselva

Boring av krafttunnelen er planlagt frå juni 2019 og vil vare i ca. 12 månader.

Høyring

Søknaden har vore lagt ut til offentleg ettersyn på Fylkesmannens nettside, og kunngjort i Hordaland Folkeblad. Søknaden vart òg sendt på høyring til Kvam herad.

Det har kome inn ei fråsegn til søknaden.

Fråsegn frå Norheimsund og Steinsdalen grunneigarlag

Meiner at søknaden er mangelfull, og at utsleppsløyvet må inkludere både anleggsområdet ved kraftstasjonen, mellombels massedeponi og anleggsområdet for bygging av inntaksdam.

Vassmengder og forureinande parameterar

Er uroa over at ein ikkje har tatt høgde for store nok vassmengder i utrekningane. meiner at ein i tillegg til sedimentering og oljeutskiljar må ha automatisk pH-justering på vatnet ut frå reinseanlegget.

Bruk av sprøytebetong kan gi avrenning med høg pH, og dette er undervurdert i søknaden. Føreslår at det blir nytta stålfiber i staden for plast i sprøytebetongen.

Føreslår at ein brukar «miljøvenleg hydraulikkolje», og at ein har beredskapsrutinar som sørger for at oljen blir samla opp for den når reinseanlegget.

Kva konsekvensar kan utslepp av nitrogen og metall ha, og på kva måte kan ein unngå følgeskadar.



Krav til entreprenør

Det må stillast krav til entreprenør som sikrar at eventuell forureining frå tankar, fylling og vedlikehald blir samla opp og ikkje fører til forureining.

All sprut frå sprenging skal handterast slik at avrenning blir ivaretatt i reinseanlegget.

Naturmangfald

Steinsdalselva har trua stammar av laks og sjøaure. Eventuelle skadelege utslepp kan bli svært kritisk for vassdraget, då heile den anadrome strekninga ligg nedstraums utbygginga.

Utslepp til Steinsdalselva

Utsleppskrava må haldast 100 % av tida. 90 % slik det går fram av søknaden er ikkje tilstrekkeleg. Det må vere kontinuerleg og automatisk pH-justering.

Det blir i søknaden påstått at ved naturleg erosjon ved flaum, så vil grenseverdiane bli overskridne. Er dette dokumentert?

Sidan uttynningsfaktoren for utslepp i elva er basert på 150 l/s i Steinsdalselva, så må vassføringa overvakast kontinuerleg, og anleggsdrifta stogkast om vassføringa fell under den mengda uttynningsfaktoren er basert på.

Dokumentasjon på resultat frå målingane skal offentleggjerast.

Overvaking

Entreprenøren må utføre prøvedrift av reinseanlegget før arbeidet vert sett i gong for fullt. Det må då dokumenterast med vassprøvar at reinseanlegget har tilstrekkeleg reinseeffekt. Det må utførast hyppigare målingar i oppstartsfasen fram til ein har fått dokumentert tilstrekkeleg reinseeffekt ved full drift i boringa.

Vassprøvane må analyserast enkeltvis og ikkje samlast i vekeblandprøvar. Det må takast vassprøvar frå vassdraget nedstraums anleggsområdet før oppstart for å sikre gode referansar. I anleggstida må det takast jamlege prøvar for å sikre at kalkulert uttynningsfaktor er rett.

I tillegg må det riggast reservegenerator som sikrar drift av pumper og reinseanlegg i tilfelle straumbrot.

Konklusjon

Ein må ta med alle utslepp frå heile anleggsperioden som til dømes grunn- og betongarbeid og avrenning frå mellombels massedeponi. Løyvet må gjelde heile anleggsperioden frå første spadetak til anlegget står ferdig.

Alle arbeid må utførast i tørrlagt byggegrop med oppsamling av anleggsvatn til reinseanlegga. I tillegg må det utførast tiltak som sørgjer for at det ikkje blir transportert ut slam/sandpartiklar på vegnettet, som igjen fører til avrenning som ikkje blir handtert i reinseanlegga.



Tokagjelet AS sine kommentarar til høyringsfråsegna

Det er søkt om mellombels utsleppsløyve for alle aktivitetar knytt til bygging av Tokagjelet kraftverk.

Entreprenøren har gått vekk frå løysinga med uttransport av boremassar ved hjelp av vatn. Transporten vil skje tørt ved hjelp av vogner.

Reinseanlegget vil få automatisk pH-justering.

Bruk av tunnelboremaskin reduserer potensielle utslepp av nitrogen.

Under støyping vil avrenningsvatn bli samla opp og leda gjennom reinseanlegget med pH-justering. Under støyping av alle konstruksjonar vil betong bli pumpa inn i forskaling og avrenning vil bli mindre enn ved bruk av sprøytebetong. Støyping av den delen av utløpskanalen som ligg nærast elva vil bli utført ein dag utan nedbør.

Det vil bli nytta stålfiber i staden for plastfiber i sprøytebetong.

Det er utfordrande å halde utsleppskrava 100 %, men målsetjinga er å klare det. Det vil bli utarbeidd ein beredskapsplan for å handtere uønskete hendingar, slik at utsleppskrav kan haldast. Overvaking og dokumentasjon utsleppsparameterar vil bli utført av innleigd firma med god kompetanse. Det er endå ikkje inngått avtale om dette. Dokumentasjon på målingane vil bli førelagt Fylkesmannen i Vestland ved førespurnad.

I oppstarten vil det bli utført enkeltvis analyse av prøvar, men når anlegget er kalibrert inn, er det planlagt at prøvane blir samla i vekeblandprøvar.

Sjølve reinseanlegget vil ikkje vere avhengig av straum. Når det gjeld måleutstyr vil dette ha batteri som gjer at det vil fungere ved straumutfall.

Fylkesmannen si vurdering og grunngjeving

Generelt

Fylkesmannen meiner å ha tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak i saka.

Etter forureiningslova § 7 må ingen setje i verk noko som kan medføre forureining utan at det er lovleg etter §§ 8 eller 9, eller er tillate etter vedtak i medhald av § 11. Vanleg forureining frå mellombels anleggsverksemd er tillate etter forureiningslova § 8 første ledd punkt 3 når konsekvensane er reversible og tar slutt når anleggsfasen er over. Nærleggjande vassdrag med betydelege brukarinteresser som står i fare for å bli øydelagde er eksempel på tilfelle som ikkje blir rekna som vanleg forureining. Fylkesmannen har vurdert utsleppets forureiningspotensiale og potensielle brukarkonfliktar og funne at tiltaket krev løyve etter forureiningslova § 11.

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 og vassforskrifta § 12 er lagt til grunn som retningsliner ved skjønnsutøving etter forureiningslova.

Anna lovverk

Olje- og energidepartementet har gitt konsesjon etter vassressurslova og energilova til å bygge Tokagjelet kraftverk i Steinsdalsvassdraget.



Utslepp til vatn

Utslepp frå denne type anleggsverksemd er i hovudsak suspenderte partiklar og høg pH som følgje av bruk av sementprodukt. Det vil vere lite sprenging i samband med anlegget, og avrenning frå sprenging av forskjering skal ledast gjennom reinseanlegget.

Tokagjelet AS har etter høyringsprosessen endra løysing for uttransport av steinmassar frå tunnelen. Massane vil no bli transportert ut ved bruk av vogner, og ikkje ved bruk av vatn. Dette reduserer vassmengda som treng å reinsast monaleg.

Det er sett utsleppsgrenser for pH, suspendert stoff og olje. Det er også stilt krav om oppsamling av eventuell plast og skytestrengar før utslepp til Steinsdalselva. Dersom det skulle vise seg at dei etablerte reinseanlegga ikkje reinsar tilstrekkeleg, så må verksemda gjennomføre avbøtande tiltak.

Olje

I anleggsprosjekt kan ein få utslepp av olje frå anleggsmaskiner pga. lekkasjar på drivstofftank og hydraulikksystem, søl i samband med fylling av drivstoff og ved reparasjonar av anleggsmaskiner innanfor anleggsområdet. I løyvet set Fylkesmannen vilkår for korleis risiko for oljeforureining skal førebyggjast og handterast. Dette skal dokumenterast gjennom internkontroll (risikovurdering, avvikshandtering, skriftlege rutinar for kritiske arbeidsprosessar mv.), sikring av lagertankar for oljeprodukt, metodar for oppsamling av olje ved uhell (absorbentar mv.) og til slutt gjennom krav for grenseverdi for olje ut frå reinseanlegget.

Fisk og andre vasslevande organismar er sårbare for oljeforureining. Vi har difor satt vilkår om at olje ut frå reinseanlegg skal vere 5 mg/l, og 2 mg/l i resipienten.

Vasking

Ved eventuelle vaske/spyleplassar på anleggsområdet skal ein ikkje bruke såpe dersom utsleppet går til Steinsdalselva. Såpe kan vere akutt giftig for vasslevande organismar og nokre såper kan redusere funksjon til oljeutskiljaren.

Det er ikkje lov å vaske betongbilar utan reinsing av vaskevatnet. Vaskevatn frå betongbilar eller betongrenner skal ikkje gå til Steinsdalselva eller annan ferskvassresipient, utan pH-justering. Utslepp frå vasking av betongbilar skal tilfredsstillende krava om suspendert stoff < 25 mg/l og pH mellom 6-8 i Steinsdalselva for å unngå skade eller død på anadrom fisk og andre vasslevande organismar.

Dersom det er mogeleg å kople vaskevatn på kommunalt avløpsnett og vidare til reinseanlegg, så kan ein kontakte Kvam herad som vil vere styresmakt for eit slikt påslepp.

Plast

Verksemda har i høyringsprosessen sagt dei vil bruke stålfiber i sprøytebetongen. Dersom ein får likevel får plast i reinseassenga så må desse samlast opp. Plast har lang nedbrytingstid, og kan føre til skadar på både fuglar og fisk.

Massedeponi

Det vil vere avrenning av finstoff frå steinmassane ved nedbør. Bruk av stein, jord og mellomlagring av desse skal skje på ein slik måte at det ikkje fører til utvasking og utslepp direkte til vassdrag.



Overvatnet skal reinast slik at grenseverdien for suspendert stoff i Steinsdalselva ikkje vert overskride, jf. vilkår 3.1.

Måleprogram

Det er stilt krav om måleprogram for å dokumentere at dei fastsette grenseverdiane blir haldne. Tokagjelet AS seier dei vil basere seg på enkeltprøvar i starten, og så gå over til vekeblandprøvar. Fylkesmannen har fått tilbakemelding frå eit laboratorium som seier at når ein brukar vekeblandprøvar, så blir ikkje analysemetoden akkreditert. Dette på grunn av at partiklar kan settle og gi feil resultat, og for olje kan oljeetande bakteriar påverke prøven før han blir sendt til analyse. Det er eit krav at prøvetaking og analyse skal utførast etter Norsk Standard og laboratoriet skal vere akkreditert. Vassprøvene må difor vere enkeltprøvar, men målingane kan baserast på turbiditet når ein har ein lineær samanheng mellom suspendert stoff og turbiditet.

Vurdering etter vassforskrifta

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand.

Steinsdalselva er i Vann-nett registrert som 052-100-R. Denne vassførekomsten er registrert med svært dårleg økologisk tilstand, og ukjent kjemisk tilstand. Det går fram av databasen at presisjonen på datagrunnlaget når det gjeld økologisk tilstand er høg.

Ein skal ikkje tillate aktivitetar som gir dårlegare miljøtilstand enn dagens situasjon i resipientar, men anleggsarbeidet vil ha ein mellombels effekt på resipienten. Fylkesmannen meiner at med dei reinsetiltak og vilkår som er sett i løyvet, så vil tiltaket ikkje føre til at økologisk og kjemisk tilstand blir forverra. Vi har sett krav om undersøking av resipienten etter at anleggsarbeidet er ferdig, og at ein må gjere avbøtande tiltak for å rette opp tilhøva dersom det er nødvendig. Krava i vassforskrifta er difor ikkje til hinder for å gi løyve etter forureiningslova.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Tokagjelet er registrert som naturtype bekkekløft og bergvegg, og er rekna som viktig. Bygging av kraftverket vil påverke bekkekløfta, men dette vart vurdert i samband med konsesjonssøknaden, og vil ikkje bli nærare vurdert her.

Steinsdalselva renn ut i Movatnet, og her er naturtypen blautbotnområde i strandsona registrert. Denne er også rekna som viktig. Det er også registrert ei rekke fugleartar i nærområdet.

Steinsdalselva har ei trua stamme av både laks og sjøaure. Det er også sannsynleg at det kan vere ål i vassdraget. Dette er ein raudlista art. Det er viktig å ta vare på desse artane.

Staten held no på med eit stort prosjekt for å berge stammene av villaks og sjøaure i elvar langs Hardangerfjorden. Både villaks og sjøaure er lagt inn i levande genbank. På sikt skal rogn frå genbanken tilbakeførast til vassdraget. Førebels er det sett ut overskotsrogn i sidebekkar og i hovudvassdraget. Avrenning av partikkelholdig vatn vil ha ein negativ konsekvens på allereie sterkt trua stammar. Kravet til utslepp gjeld også for avrenning frå permanente og mellombelse massedeponi. Både Steinsdalselva og sidebekkar er viktig gyte- og oppvekstområde for laks og sjøaure. Anleggsvatnet skal reinsast og krav til innhald av suspendert stoff er så lavt at det ikkje bør føre til nedslamming av gytegroper.

Kravet i naturmangfaldlova er at saka i hovudsak skal vere basert på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap. Fylkesmannen har vurdert saka etter §§ 8 til 12 i naturmangfaldlova. Relevante databasar



og rapportar er gjennomgått. Vi har ivaretatt føre-var prinsippet ved å stille strenge utsleppskrav og redusert den eventuelle påverknaden på biologisk mangfold så langt som råd.

Dersom det viser seg at ein etter ferdigstilling av prosjektet har redusert kvaliteten på Steinsdalselva og sidebekkar i form av øydelagde gytegroper eller liknande, så skal det utførast opprydding og habitatforbetrande tiltak for å rette opp forholda.

Konklusjon

Olje- og energidepartementet har gitt konsesjon til å bygge Tokagjelet kraftverk i Steinsdalsvassdraget.

Fylkesmannen har handsama søknaden og utslepp og vurdert dei forureiningsmessige ulempene opp mot dei samfunnsmessige fordelane. Dersom aktiviteten blir drifta med gode rutinar og i tråd med utsleppsløyvet, vil miljøforholda bli tilfredsstillande tatt vare på. Fylkesmannen gir difor løyve etter forureiningslova § 11. Fylkesmannen vil følgje opp anlegget gjennom krav om rapportering om eventuelle avvik frå reinsekrav og ved tilsyn.

Fristar

Tabellen nedanfor gir oversikt over fristar for gjennomføring av tiltak vi har stilt krav om i løyvet:

Tiltak	Frist	Tilvising til vilkår
Sende måleprogram til Fylkesmannen	1. juni 2019	9.1
Sende overvakingsprogram til Fylkesmannen	1. juni 2019	9.2
Rapport med resultat frå overvaking av Steinsdalselva	Innan tre månader etter avslutta overvaking	9.2
Sende sluttrapport til Fylkesmannen	Innan seks månadar etter at anleggsarbeidet er slutført	9.3

Gebyr

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeid med utsleppsløyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Verksemda skal betale 65 600 kroner i gebyr for løyvet, jf. forureiningsforskrifta § 39-4, sats 5. Gebyrsatsen er valt på bakgrunn av ressursbruken Fylkesmannen har hatt i samband med sakshandsaming av løyvet.

Miljødirektoratet sender faktura.

Rett til å klage

Dersom det er noko i løyvet de vil klage på, inkludert vedtaket om gebyrsats kan de sende klage til Miljødirektoratet.

Partane involvert i saka og andre med særleg interesse, kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ynskjer. Klagen bør vere grunngjeven og skal sendast til Fylkesmannen i Vestland.

Verksemda kan òg klage på vedtaket om gebyrsats til Miljødirektoratet innan tre veker etter at verksemda har mottatt dette brevet, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage bør vere



grunngeiven og skal sendast til Fylkesmannen i Vestland. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet godtar klagen, vil overskottsbeløpet bli refundert.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Norheimsund og Steinsdalen grunneigarlag

Kvam herad

Bystøl AS

Grovagjelet 16 5600 NORHEIMSUND

Tomtebu 2 6893 VIK I SOGN



Løyve etter forureiningslova for Tokagjelet AS

Fylkesmannen gjev Tokagjelet AS løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad av 19. desember 2018 og opplysningar som kom fram under handsaminga av søknaden.

Løyvet gjeld frå dags dato og fram til anleggsarbeidet er avslutta.

Dersom verksemda ønskjer endringar utover det som vart opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig verknad, må verksemda på førehand avklare dette skriftleg med Fylkesmannen.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan fire år, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda. Fylkesmannen vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Data om verksemda

Verksemd	Tokagjelet AS
Stad/gateadresse	c/o Clemens Kraft Fridtjof Nansens plass 6
Postadresse	0160 Oslo
Kommune og fylke	Kvam, Hordaland
Org. nummer (verksemd)	919 657 723 eigd av 919 544 651
Lokalisering av anlegg	UTM sone 32, aust: 337688, nord: 6695139
NACE-kode og bransje	35.111 Produksjon av elektrisitet fra vannkraft

Fylkesmannens referansar

Løyvenummer: 2019.0297.T	Anleggsnummer: 1238.0092.01
-----------------------------	--------------------------------

Løyve gitt: 4. april 2019	Løyve sist revidert i medhald av fl § 18 tredje ledd:	Løyve sist endra:
Kjell Kvingedal miljødirektør		Sissel Storebø seksjonsleiar

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endringar

1 Rammer for løyvet

Løyvet gjeld forureining frå anleggsarbeid i samband med bygging av Tokagjelet kraftverk i Kvam herad, inkludert avrenning frå lagring av steinmassar og anleggsarbeid.

Det skal byggjast dam- og inntakskonstruksjon, boresjakt, kraftstasjon og utløpskulvert frå kraftstasjonen.

Planlagt oppstart av borearbeid er i juni 2019 og forventa drivetid er om lag 12 månader.

Løyvet fritar ikkje verksemda frå å hente inn løyve etter dei delane av tiltaket som ikkje er regulert etter forureiningslova.

2 Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som ein ventar å ha størst miljømessig verknad, er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i punkt 3 til 10 i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart framlagt i samband med sakshandsaminga eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra punkt 3 til 10.

2.2 Plikt til å halde grenseverdier

Alle grenseverdier skal haldast innanfor dei fastsett midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som følgjer av normal drift i ein slik grad at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, under dette utslepp til luft, vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp, dette gjeld også for støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett tydelege grenser for gjennom vilkår i løyvet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengd, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som er lagt til grunn i samband med saksbehandlinga, føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan føre til endring av utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert.

Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 8.4.

2.5 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift¹. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda skal alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen med forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til akutt forureining følgjer av punkt 8.1.

3 Utslepp til vatn*3.1 Utsleppsavgrensingar*

Utsleppsgrensene i tabell 1 gjeld måling ut frå reinseanlegg og i Steinsdalselva.

Tabell 1: Utsleppsgrenser

Parameter	Grense ut frå reinseanlegg	Grense målt i resipienten	Resipient
suspendert stoff	100 mg/l	< 25 mg/l *	Steinsdalselva
pH	6-8	6-8	
olje	5 mg/l	2 mg/l	

*Kortvarige periodar der konsentrasjonsgrensa blir overskriden er tillate ved spesielle arbeidsforhold. I desse periodane skal konsentrasjonen av suspendert stoff likevel ikkje overskride ei grense på 80 mg/l i Steinsdalselva. Den naturlege bakgrunnsverdien ved ulike vassføringar skal registrerast som ein del av måleprogrammet.

3.2 Utsleppsreducerande tiltak ved anleggsarbeid

Det skal etablerast rutinar for påfylling av drivstoff, vedlikehald av maskinpark mv. med formål å redusere forureining til grunn og resipient.

Ved eventuelle punktutslepp av olje og drivstoff skal mest mogeleg av olja samlast opp. Absorbentar skal vere tilgjengelege på stadar der oljesøl kan oppstå.

¹ Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (Internkontrollforskrifta)

Det skal ikkje etablerast verkstadar og vaske/spyleplassar med direkte avrenning til vassdraget. Ein eventuell vaskeplass skal ha tett dekke og avrenning til oljeutskiljar og tilfredsstillende utsleppskrava i tabell 1. Det skal ikkje brukast såpe på ein eventuell vaskeplass.

Det er heller ikkje tillate å vaske betongbilar utan reinsing og med utslepp direkte til elva, då dette kan medføre høge pH-verdiar. Vaskevatt frå betongbilar skal leiast til reinseanlegg og pH-justerast, jf. tabell 1.

Reinseanlegga må dimensjonerast for å tilfredsstillende utsleppskrava ved maksimale vassmengder. Ekstreme vêrforhold må være inkludert i risikovurderinga og beredskapsplanen jf. kapittel 8 i dette løyvet.

Det må førast jamleg kontroll med reinseanlegg og eventuelle infiltrasjonsgrøfter. Desse må tømmast og reingjerast ved behov.

Det skal setjast i verk effektive tiltak for oppsamling av eventuelle plastrestar og skytestrengar før utslepp til resipient. Dersom plastrestar når Steinsdalselva eller Hardangerfjorden, må det setjast i verk avbøtande tiltak.

Verksemda skal leie sanitæravløpsvatnet sitt til offentleg avløpsnett^[3], eller eventuelt ha eit lukka system som blir tømt og avfallet levert godkjent mottak.

3.3 Utsleppsreducerande tiltak ved lagring og bruk av jord og steinmassar

Mellomlagring av jord og stein skal skje på ein slik måte at ein ikkje får partikkelavrenning til vassdrag. Verksemda skal ved hjelp av fagfolk vurdere kva som beste løysing når det gjelder bruk og lagring av steinmassane frå boringa. Avrenning frå jord og stein skal unngåast ved å etablere avskjerande grønne og vatnet frå grønne skal reinsast før utslepp i Steinsdalselva. Utsleppet skal tilfredsstillende krava i tabell 1 i vilkår 3.1.

3.4 Drift og vedlikehald av reinseanlegg

Det skal etablerast skriftlege rutinar for å følgje opp reinseanlegga i anleggsperioden. Rutinane må skildre tømming og prøvetaking slik at krava til utslepp frå reinseanlegga blir haldne.

4 Grunnforureining

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda pliktar å halde kontinuerleg oversikt over eventuell forureina grunn på anleggsområdet. Det same gjeld faren for spreiding, og om det er trong for granskingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk granskingar eller andre tiltak, skal Fylkesmannen varslast om dette.

Graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke forureina grunn eller forureina sediment, må ha løyve etter forureiningslova, ev. godkjenning frå kommunen²/Fylkesmannen.

² Jf. forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid

5 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukt i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal, til dømes vaskemiddel, hydraulikkvæsker og brannsløkkingsmiddel.

For kjemikal som blir brukt på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.5 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som blir brukt, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.³

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukt utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket.⁴

6 Støy og støv

6.1 Grenseverdier

For støy i anleggsperioden skal *retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442/2016) leggjast til grunn.

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje bryte følgjande grenser, målt eller rekna ut som frittfeltsverdi ved mest støyutsette fasade:

Tabell 3: Støygrenser i anleggsfasen

Bygningstype	Støykrav på dagtid ($L_{pAeq12h}$ 07-19)	Støykrav på kveld (L_{pAeq4h} 19-23) eller sundag/heilagdag ($L_{pAeq16h}$ 07-23)	Støykrav på natt (L_{pAeq8h} 23-07)
Bustader, fritidsbustad, sjukehus, institusjonar	60	55	45
Skule, barnehage	55 i brukstid		

Støygrensene gjeld all støy frå anlegget, medrekna intern transport og lossing/lasting.

6.2 Avvik frå grenseverdier

Grenseverdiane for støy på dagtid kan fråvikast i kortare periodar. Det er ikkje tillate å avvike grenseverdiane på kveld og natt eller sundagar og heilagdag.

³ Jf. produktkontrolllova

⁴ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og avgrensing av kjemikal (REACH)

6.3 Støv

Verksemda må leggje opp aktiviteten på ein slik måte at sjenerande støv ikkje blir spreidd i omgjevnadane.

7 Avfall

7.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnadar eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av verksemda. Innhaldet av skadelege stoff i avfallet skal avgrensast mest mogleg.

Verksemda pliktar å sørge for at all handtering av avfall, under dette gjenvinning, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta⁵.

Farleg avfall kan ikkje fortynnast med den verknad at det blir rekna som ordinært avfall. Ulike typar farleg avfall kan ikkje blandast saman dersom dette kan medføre fare for forureining eller skape problem for den vidare handteringa av avfallet. Farleg avfall kan heller ikkje blandast saman med anna avfall, med mindre det lettar den vidare behandlinga av det farlege avfallet og dette gir ein miljømessig minst like god løysing.

7.2 Handtering av avfall

All handtering av avfall skal skje slik at det ikkje medfører avrenning til grunn eller overflatevatn. Det er ikkje tillate å tynne ut eller blande saman massar i den hensikt å oppfylle kriterium for mottak. Sjenerande støving skal unngåast. Farleg avfall kan ikkje lagrast lenger enn 12 månader.

I tillegg gjeld følgande:

- All handtering av avfall skal vere basert på ei risikovurdering, jf. punkt 2.6 og 8.
- Verksemda skal ha kart der det går fram kor ulike typar avfall er lagra
- Avfallslager skal vere sikra slik at uvedkomande ikkje får tilgang. Lagra farleg avfall skal ha forsvarleg tilsyn. Lagra avfall skal vere merka slik at ein ser kva som er lagra
- Avfall som ved samanblanding kan gi fare for brann, eksplosjon eller at farlege stoff blir danna, skal lagrast med nødvendig avstand
- Alt farleg avfall, uavhengig av mengde, skal lagrast innandørs og på tett dekke med oppsamling av eventuell avrenning. Annan lagringsmåte kan godtakast dersom verksemda kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like lav risiko og like godt vern

7.3 Handtering av slam frå reinseanlegg

Slam frå reinseanlegget er næringsavfall som skal handterast i tråd med forureiningslova § 32. Det skal takast prøver av slammet. Dersom analyser viser at innhald av helse- eller miljøfarlege stoff er under normverdien i forureiningsforskrifta kapittel 2, vedlegg 1, så kan massane disponerast i tråd med faktaark M-1243/2018. Er innhaldet over normverdien skal slammet leverast til lovleg avfallsanlegg.

⁵ Forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall

7.4 Handtering av jord- og steinmassar

Jord – og steinmassar skal disponerast i tråd med faktaark M-1243/2018.

8 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

8.1 Miljørisikoanalyse

Verksemnda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av sin aktivitet. Verksemnda skal vurdere resultatane med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggjast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle tilhøve ved verksemnda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på område til verksemnda eller utanfor. Ved modifikasjonar og endring i verksemnda skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Verksemnda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

8.2 Førebyggjande tiltak

Basert på miljørisikoanalysen skal verksemnda setje i verk risikoreduserande tiltak. Både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Verksemnda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

8.3 Etablering av beredskap

Verksemnda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, om nødvendig, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemnda til ei kvar tid representerer.

8.4 Varsling om akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift⁶. Verksemnda skal også så snart som mogleg varsle Fylkesmannen gjennom fmvlpost@fylkesmannen.no i slike tilfelle.

9 Utsleppskontroll, overvaking av resipient og rapportering til Fylkesmannen

9.1 Utsleppskontroll

Verksemnda skal kontrollere og dokumentere utsleppa ved å gjennomføre målingar. Det skal utarbeidast og setjast i verk eit måleprogram med tilhøyrande skriftlege internkontrollrutinar og driftsinstruksar mv. for å følge opp instrument for måling av pH, samt funksjoner som on-line logging og alarmfunksjon i anleggsperioden. Plassering av målepunkt skal baserast på fagleg vurdering utført av fagfolk med kompetanse.

Målingar skal utførast slik at dei er representative for verksemndas faktiske utslepp. Verksemnda skal utarbeide eit måleprogram for dei parameterane som er nemnt i vilkår 3. Måleprogrammet skal beskrive metode for å etablere ein samanheng mellom suspendert stoff og turbiditet, forslag til midlingstider, val av parameterar m.m.

⁶ Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining

Prøvetaking skal utførast av personar med nødvendig kompetanse. Prøvetaking og analyse skal utførast etter Norsk Standard (NS), og laboratoriet skal vere akkreditert for analysane. Verksemda skal jamleg utføre kontroll og kalibrering av måleutstyr.

Sidan akkreditert metode for suspendert stoff må baserast på stikkprøvar, så skal utsleppet også målast kontinuerleg for turbiditet. Når det er etablert ein lineær samanheng mellom prøveresultatet for suspendert stoff og turbiditet, så kan målingane baserast på turbiditet med alarmgrenser og midlingstider. Forslag til dette skal beskrivast i måleprogrammet.

Måleprogrammet skal sendast til Fylkesmannen.

9.2 Overvaking av resipient

Verksemda skal sørge for overvaking av verknaden av anleggsarbeidet på resipienten etter eit overvakingsprogram utarbeida av fagfolk med kompetanse på fiskebiologi.

Overvakinga skal omfatte verknaden av tiltaket på elvesedimenta som habitat og gyteområde for laks og sjøaure. Elvedimenta før, undervegs og etter tiltaket skal de undersøke, slik at justeringar kan gjerast undervegs og de kan stoppe uønskt utvikling.

Dersom overvakinga viser redusert kvalitet på Steinsdalselva som habitat for fisken så skal de gjennomføre restaurering og habitatforbetrande tiltak for å rette opp forholda. Overvakinga og eventuelle tiltak i elva skal gjerast av personell med kompetanse på området. Dersom det allereie ligg føre stilstrekkeleg dokumentasjon om dagens tilstand i elva på den aktuelle staden kan de sjå bort frå kravet om nye undersøkingar i forkant av oppstart. Dette må de da dokumentere og argumentere for i overvakingsprogrammet.

Overvakingsprogrammet skal sendast til Fylkesmannen for eventuelle merknader.

Data frå overvaking i vatn, inklusivt sediment og biota, skal registrerast i databasen Vannmiljø (<http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>). Data skal rapporterast på Vannmiljø sitt importformat. Importmal og oversikt over kva informasjon som skal registrerast etter Vannmiljø's kodeverk finst på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>.

Der det går føre seg overvaking i regi av Fylkesmannen eller vassregionstyresmakt må Tokagjelet AS bidra i felles overvakingsprogram med data for dei kvalitetselementa i vassførekomsten som kan vere direkte eller indirekte påverka av verksemda sine utslepp.

Resultata frå overvakinga skal sendast til Fylkesmannen i Vestland innan 3 månader eter at overvakinga er avslutta.

9.3 Sluttrapport

Verksemda skal sende rapport til Fylkesmannen innan seks månader etter at anleggsarbeidet er slutført. Rapporten skal innehalde følgjande:

- Omtale av utført arbeid
- Samla omtale og dokumentasjon på effekt og avbøtande tiltak som er gjennomført for å hindre forureining
- Samla utgreiing for eventuelle vilkår i løyvet som ikkje er oppfylt, inkludert grunngjeving for avvik

10 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta føre tilsyn med anlegget når som helst.

VEDLEGG 1**Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.**

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i punkt 3 til 10.

Metaller og metallforbindelser:

	Forkortelser
Arsen og arsenforbindelser	As og As-forbindelser
Bly og blyforbindelser	Pb og Pb-forbindelser
Kadmium og kadmiumforbindelser	Cd og Cd-forbindelser
Krom og kromforbindelser	Cr og Cr-forbindelser
Kvikksølv og kvikksølvforbindelser	Hg og Hg-forbindelser

Organiske forbindelser:

Bromerte flammehemmere	Vanlige forkortelser
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4' isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske forbindelser

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C ₁₀ - C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ - C ₁₃)	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C ₁₄ - C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ - C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Trikosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensider

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromuskforbindelser

Muskxylen	
-----------	--

Alkylfenoler og alkylfenoletoksylater

Nonylfenol og nonylfenoletoksylater	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksylater	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenoler (forgrenet og rettkjedet)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylforbindelser (PFAS)

Perfluoroktansulfonat (PFOS) og forbindelser som inneholder PFOS	PFOS, PFOS-relaterte forbindelser
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og forbindelser som inneholder PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjedete perfluorete karboksylsyrer C9-PFCA - C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFOA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske forbindelser

Tributyltinnforbindelser	TBT
Trifenyltinnforbindelser	TFT, TPT
Dibutyltinnforbindelser	DBT
Dioktyltinnforbindelser	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarboner

PAH

Ftalater

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A

BPA

Siloksaner

Dodekametylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyktotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filtre

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350